



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 19.03.2015  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 10:30

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Karstein Totland, ordfører	H	Ordfører
Frode Langhelle	H	Medlem
Marit Steinestø	Krf	Varaordfører
Egil Kvingedal	V	Medlem
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Maud Sleire Holmaas, Svein Helge Hofslundsengen, Sveinung Toft

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
029/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
030/2015	Godkjenning av møtebok
031/2015	Framtidig organisering av idrettsskolen
032/2015	Friluftslivets år
033/2015	Nytt mellombels lokale for Nordbygda barnehage
034/2015	Styrking av PP-tenesta
035/2015	Framtida for Bjørn West-museet
036/2015	Delegerte saker
037/2015	Referatsak
038/2015	Kommunestruktur - oppnemning av forhandlingsutval m.m.
039/2015	Handlingsplan for kompetanseutvikling for skulane 2015-16

## **029/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

### **19.03.2015 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 029/2015 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjend**

---

## **030/2015: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjend.

### **19.03.2015 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 030/2015 VEDTAK:**

Møtebok frå formannskapet 10.02.15 vert godkjend.

---

## **031/2015: Framtidig organisering av idrettsskulen**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Kommunestyret vil oppretthalda idrettsskulen som eit kommunalt tilbod gitt på kvar skule utanom ordinær skuletid. Ein av instruktørane i idrettsskulen får eit koordineringsansvar for aktivitetane. Kostnaden på kr 130000 for 2015 vert dekkja slik:**

### **19.03.2015 FORMANNSKAPET**

Ordfører Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Etter drøftingar kom formannskapet fram til følgjande endring av framlegg til vedtak:

**Kommunestyret vil oppretthalda idrettsskulen som eit kommunalt tilbod gitt på kvar skule utanom ordinær skuletid. Ein av instruktørane i idrettsskulen får eit koordineringsansvar for aktivitetane. Kostnaden på kr 130000 for 2015 vert innarbeida i revidert budsjett.**

**Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen med endringar frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

**FS - 031/2015 VEDTAK:**

**Kommunestyret vil oppretthalda idrettsskulen som eit kommunalt tilbod gitt på kvar skule utanom ordinær skuletid. Ein av instruktørane i idrettsskulen får eit koordineringsansvar for aktivitetane. Kostnaden på kr 130000 for 2015 vert innarbeida i revidert budsjett.**

---

**032/2015: Friluftslivets år**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune vil støtta opp om «Friluftslivets år 2015» og arbeida for at måla om å gje friluftslivet auka merksemd og varige resultat i form av auka deltaking i friluftsliv i alle deler av befolkninga.

Kommunen vil:

- støtta opp om lokale arrangement og aktivitetar i Friluftslivets år
- leggja vekt på omsyn til friluftsliv i planarbeid i kommunen
- stimulera barnehagar og skular til å bruka naturen til leik og læring
- satsa på stien som aktivitetsanlegg
- bruka friluftsliv som eit positivt verkemiddel i folkehelsearbeidet
- arrangera «ordføraren sin tur», open tur med ordføraren som turleiar
- stilla opp til bålamtale eller anna møte med friluftsansjonane i kommunen

**19.03.2015 FORMANNSKAPET**

Ordfører Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Saka vart drøfta.

### Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

### **FS - 032/2015 VEDTAK:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

**Masfjorden kommune vil støtta opp om «Friluftslivets år 2015» og arbeida for at måla om å gje friluftslivet auka merksemd og varige resultat i form av auka deltaking i friluftsliv i alle deler av befolkninga.**

**Kommunen vil:**

- støtta opp om lokale arrangement og aktivitetar i Friluftslivets år
- leggja vekt på omsyn til friluftsliv i planarbeid i kommunen
- stimulera barnehagar og skular til å bruka naturen til leik og læring
- satsa på stien som aktivitetsanlegg
- bruka friluftsliv som eit positivt verkemiddel i folkehelsearbeidet
- arrangera «ordføraren sin tur», open tur med ordføraren som turleiar
- stilla opp til båsamtale eller anna møte med friluftsansjonane i kommunen

---

### **033/2015: Nytt mellombels lokale for Nordbygda barnehage**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Nordbygda barnehage får nye mellombels lokale i den såkalla teiknesalen på Nordbygda skule frå barnehageåret 2015-16.**

### **19.03.2015 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Saka vart drøfta.

### Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

### **FS - 033/2015 VEDTAK:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Nordbygda barnehage får nye mellombels lokale i den såkalla teiknesalen på Nordbygda skule frå barnehageåret 2015-16.**

---

## **034/2015: Styrking av PP-tenesta**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Med bakgrunn i den økonomiske situasjonen i kommunen vert det ikkje oppretta noko ny stilling i PPT no.**

### **19.03.2015 FORMANNSKAPET**

Ordfører Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Saka vart drøfta.

**Egil Kvingedal, V** la fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune går inn for å styrka PPT tenesta skissert slik :  
Masfjorden kommune opprettar ei stilling innan spesialpedagogikk. Ein modell kan vere ei kombinasjonsstilling mellom PPT og skulane/barnehagane. Slik kompetanse er etterlyst begge stader. Stillingsdelen i PPT vil likevel ha eit anna kompetansebehov enn ei stilling lagt til skular/barnehagar. PP-stillinga må ha kartleggingskompetanse og kompetanse på rettleiing. Det må opprettast ein avtale mellom Masfjorden kommune og PPT der ein går opp grensene mellom innhaldet i PP-stillinga og stillinga lagt til skular/barnehagar.

Grunngjeving: Kommunestyret har tidligare fått signal om det er for lang ventetid på PPT. Lang ventetid for unge som har eit behov, kan føre til konsekvensar som kommunen ikkje ynskjer.  
-Me treng ei PP-teneste som i tillegg til å arbeida direkte med born, òg kan jobba systemretta med rettleiing overfor dei tilsette i skule og barnehage og slik gjera dei betre i stand til å vurdere om born har bruk for ekstra tiltak.  
-Byggja opp ei PP-teneste der Masfjorden kommune har størst mogleg del av kompetansen innan eigen kommune, men der ein og samarbeider med andre kommunar for å få eit godt og tenleg tilbod til barn og unge.

### **Røysting:**

Framlegg til vedtak frå Venstre og rådmannen sitt framlegg vart røysta opp mot kvarandre.

Framlegg til vedtak frå Venstre fekk ei stemme (V) og fall.

### **FS - 034/2015 VEDTAK:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Med bakgrunn i den økonomiske situasjonen i kommunen vert det ikkje oppretta noko ny stilling i PPT no.**

---

## **035/2015: Framtida for Bjørn West-museet**

## **Rådmannen sitt framlegg:**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1 Masfjorden kommunestyre sluttar seg til konklusjonane i rapporten frå Museum Vest om konsolidering. Det må utarbeidast ein trepartsavtale mellom Masfjorden kommune, Stiftinga Bjørn West-museet og Museum Vest. Avtalen skal innehalda eigartilhøve til bygg og samlingar, kva det fører med seg at Museum Vest overtar driftsansvaret for Bjørn West-museet og kva økonomiske plikter Masfjorden kommune tek på seg. Avtalen må godkjennast av kommunestyret.

2 Det vert sett ned ei prosjektgruppe som arbeider med konsolidering og bygg. Grappa blir samansett av ein representant frå kvar av desse institusjonane: Masfjorden kommune, Hordaland fylkeskommune, Museum Vest, Bjørn West-museets venner og Stiftinga Bjørn West-museet.

## **19.03.2015 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Saka vart drøfta.

### **Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

## **FS - 035/2015 VEDTAK:**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1 Masfjorden kommunestyre sluttar seg til konklusjonane i rapporten frå Museum Vest om konsolidering. Det må utarbeidast ein trepartsavtale mellom Masfjorden kommune, Stiftinga Bjørn West-museet og Museum Vest. Avtalen skal innehalda eigartilhøve til bygg og samlingar, kva det fører med seg at Museum Vest overtar driftsansvaret for Bjørn West-museet og kva økonomiske plikter Masfjorden kommune tek på seg. Avtalen må godkjennast av kommunestyret.

2 Det vert sett ned ei prosjektgruppe som arbeider med konsolidering og bygg. Grappa blir samansett av ein representant frå kvar av desse institusjonane: Masfjorden kommune, Hordaland fylkeskommune, Museum Vest, Bjørn West-museets venner og Stiftinga Bjørn West-museet.

---

## **036/2015: Delegererte saker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Delegererte saker vert tekne til orientering

## **19.03.2015 FORMANNSKAPET**

Deligerte saker:

- Forskrift om ordensreglar for skulane i Masfjorden

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 036/2015 VEDTAK:**

#### **Delegerte saker vert tekne til orientering**

---

### **037/2015: Referatsak**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Referatsaker vert tekne til orientering

### **19.03.2015 FORMANNSKAPET**

#### **Orienteringar:**

**Ordførar Karstein Totland** orienterte om invitasjon til Næringskonferansen 26.03.15 på Vidsyn.

Konsesjonskraft tilbakemeldin frå BKK etter forhandlingsmøte. BKK kom oss ikkje i møte, saka vert føldt opp av ordførar/rådmann

**Ass. rådmann Sveinung Toft** orienterte om:

Prosjekt/søknad om tilskot til breibandsutbygging i Masfjorden.

Status reguleringsplan Haugsværdalen  
Status reguleringsplan sentrumsområdet på Hosteland

Kort om status Kraftspla

#### **Fra Arthur Sjursen Masfjorden arbeiderparti**

Kraftspela 2016

Forslag til formannskapet i Masfjorden kommune

Viser til orienteringssak i Masfjorden Formannskap 19. mars 2015 om Kraftspela.

Det kom frem på møtet at Kraftspela i år ikke vil bli slik vi kjenner dem med underholdning fra scenen i Matre, med marked, kunstutstillinger, åpen gard, fullt av aktiviteter til lands og til vanns, fotballturnering og gode foredrag. Kjente orkester og med bryggedans utover natten. Kulturskulen som presenterer seg, med folk og folkløse i stort monn, og med matservering på mange steder.

Mange er de utflytta Masfjordinger som er hjemme på besøk og er på kraftspela den helgen den blir arrangert, samt at folk kommer fra hele Nordhordland for å være på Matre disse dagene.



For indrefjorden sin del er dette en viktig del av den kulturaktiviteten som blir arrangert på Matre. Det er stor interesse i befolkningen i indrefjorden for at Masfjorden Kommune fortsatt skal drive Kraftspela i Masfjorden

Det foreslås at Kommunen holder ett møte på kveldstid med lag og organisasjoner i indrefjorden, at møtet avholdes i kinosalen i Matre.

På møtet må det drøftes hvilke organisasjoner som vil være med å arrangere Kraftspela 2016, det kan også drøftes ved idedugnad hvordan Kraftspela kan arrangeres på best mulig måte, med forankring i innbyggerne i Indrefjorden, og med Kommunen som økonomisk garantist.

Kommunen må fortsatt være hovedaktør, men det må settes ned en Kraftspelkomite som får fordelt ansvar for sine deler av arrangementet.

Jeg mener Merkenavnet Kraftspela i Masfjorden bør forbeholdes det som skjer på Matre de dagene Kraftspela arrangeres.

**Rådgjevar Alf Strand** orienterte om MOT arrangement torsdag 23. april. Programmet ikkje heilt klart enno, men det blir mykje etter same leist som sist: årsmøte, lunsje, konsert, foredrag, middag. Det kjem til å bli på Nordbygda skule. Held på å senda ut invitasjonar.

#### **FS - 037/2015 VEDTAK:**

#### **Referatsaker vert tekne til orientering**

---

#### **038/2015: Kommunestruktur - oppnemning av forhandlingsutval m.m.**

##### **Rådmannen sitt framlegg:**

1. **Masfjorden kommune oppnemner følgjande forhandlingsutval i det vidare arbeid med kommunestruktur**
  - **Ordførar Karstein Totland**
  - **Varaordførar Marit Steinestø**
  - **Formannskapsmedlem Arthur Sjursen**
2. **Det vert arbeid vidare med utgreiing av alternativa**
  3. Nordhordland (alle eller deler av noverande kommunar i regionen)
  4. Gulen – (Høyanger sør – Modalen - Solund)
- 3) alternativt halde fram som eigen kommune
3. **Masfjorden kommune gjennomfører meiningsmåling knytt til alternativa under pkt. 2, først ei undersøking innan utløpet av 1.halvår 2015 og ny kartlegging våren 2016**
4. **Det vert lagt opp til folkemøter, eit fellesmøte i starten (våren 2015), og før saka går til endeleg avgjerd/vedtak i Kommunestyret juni 2016**

#### **19.03.2015 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Rådmann la fram eit tilleggspunkt i framlegg til vedtak, som punkt 5

#### 5. Arbeidet i Masfjorden vert organisert etter fylgjande modell:

Styringsgruppe:	Masfjorden formannskap, supplert med øvrige parti som er representert i kommunestyret. Leiar: ordførar
Prosjektansvarleg:	Rådmann
Prosjektgruppe:	rådmannen set saman gruppa og peiker ut leiar. Hovudtillitsvald vert medlem. (er utpeikt – utdanningsforbundet)
Referansegruppe:	nære samarbeidspartar. Leiar: ordførar
Arbeidsgrupper (ved behov)	
Mandat for styringsgruppa	
Styringsgruppa får delegert mynde til å utarbeide nye / korrigere mandat, godkjenne budsjett, samt oppdatere prosjektplan undervegs i kommunereformprosessen	

Formannskapet gjorde om på pkt. 1 ut i frå at forhandlingsutvalet skulle fungere utover denne valperioden og etter årets val, og fjerna namn i innstillinga

1. **Masfjorden kommune oppnemner følgjande forhandlingsutval i det vidare arbeid med kommunestruktur**
  - **Ordførar**
  - **Varaordførar**
  - **Formannskapsmedlem frå det største opposisjonspartiet**

#### Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen med endringar gjort etter drøfting vart samrøystes vedteke

#### **FS - 038/2015 VEDTAK:**

Nytt framlegg til vedtak frå formannskapet:

1. **Masfjorden kommune oppnemner følgjande forhandlingsutval i det vidare arbeid med kommunestruktur**
  - **Ordførar**
  - **Varaordførar**
  - **Formannskapsmedlem frå det største opposisjonspartiet**

#### **2. Det vert arbeid vidare med utgreiing av alternativa**

1. Nordhordland (alle eller deler av noverande kommunar i regionen)
2. Gulen – (Høyanger sør – Modalen - Solund)
3. alternativt halde fram som eigen kommune
3. **Masfjorden kommune gjennomfører meiningsmåling knytt til alternativa under pkt. 2, først ei undersøking innan utløpet av 1.halvår 2015 og ny kartlegging våren 2016**
3. **Det vert lagt opp til folkemøter, eit fellesmøte i starten (våren 2015), og før saka går til endeleg avgjerd/vedtak i Kommunestyret juni 2016**

## 5. Arbeidet i Masfjorden vert organisert etter fylgjande modell:

Styringsgruppe:	Masfjorden fommanskap, supplert med øvrige parti som er representert i kommunestyret. Leiar: ordførar
Prosjektansvarleg:	Rådmann
Prosjektgruppe:	rådmannen set saman gruppa og peiker ut leiar. Hovudtillitsvald vert medlem. (er utpeikt – utdanningsforbundet)
Referansegruppe:	nære samarbeidspartar. Leiar: ordførar
Arbeidsgrupper (ved behov)	
Mandat for styringsgruppa	
Styringsgruppa får delegert mynde til å utarbeide nye / korrigere mandat, godkjenne budsjett, samt oppdatere prosjektplan undervegs i kommunereformprosessen	

---

### 039/2015: Handlingsplan for kompetanseutvikling for skulane 2015-16

#### Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Kommunestyret godkjenner kompetanseutviklingsplanen for skuleåret 2015-16 slik han ligg føre.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Kompetanseutviklingsplan for grunnskulen for perioden 2012 -2015 vart vedteken i kommunestyremøte 29. mars 2012. Det vert laga ein årleg handlingsplan som byggjer på treårsplanen. Plan for ein ny treårsperiode må lagast i løpet av 2015.

##### Fakta

##### Vidareutdanning:

I 2014 har Masfjorden kommune fått i kr. 277.500 i statlege midlar til å auka kompetansen for personalet i grunnskulen høve til læreplanen Kunnskapsløftet. Midlane har i stor grad gått til å dekkja vikarutgifter i samband med vidareutdanning. Tre lærarar tok vidareutdanning skuleåret 2013-14, medan ein er i gang med vidareutdanning skuleåret 2014-15.

Fordelinga mellom stat, kommune og lærar vart endra i den nye «Strategi for etter- og vidareutdanning» som er vedteken for perioden 2012-15. No dekkar staten 50 % av vikarutgiftene, kommunen 25 % og læraren 25 %. Dessutan betalar kommunen kostnader til reise, opphald, læremiddel og andre studieutgifter for dei som har fått plass på vidareutdanning. Det er eit krav at kommunen kvart år gjev ei tilbakemelding til staten på korleis midlane har vorte brukte.

I Masfjorden kommune sitt budsjett for 2015 er det sett av kr. 360.000 til vidareutdanning.

## **Etterutdanning:**

Dei statlege midlane til etterutdanning har minka dei siste åra og er no heilte vekke. Grunnen er at staten ynskjer å bruka pengane til vidareutdanning som gjev studiepoeng og dermed auke formell kompetanse. Men vidareutdanninga når berre nokre få lærarar, og det er viktig at alle lærarar får auka kompetansen sin på området som er viktige for skulen. I 2014 brukte skulane våre tre planleggingsdagar til felles kursing av lærarane i prosjektet «Betre læringsmiljø». Nordhordland kursregion arrangerer ein del fagkurs som lærarar kan søkja plass på, m.a. på felles planleggingsdagar. Der er og sett i gang ei kursrekke for leiarar i skulen. Frå hausten 2015 skal me i gang med skulebasert kompetanseutvikling, den såkalla ungdomsstegsatsinga.

## **Vurdering**

§ 10-8 i Opplæringslova slær fast at «Skuleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda. Skuleeigaren skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skuleleiarar og personale med sær oppgåver i skuleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling».

Den vedlagde kompetanseutviklingsplanen skal ivareta dette aspektet.

Tilbakemeldingane etter den fyrste perioden med «Strategi for etter- og vidareutdanning», er gode. Høgskulane har fått statlege midlar til å utvikla eit godt vidareutdanningstilbod. Etterutdanningstilbodet i regi av Nordhordland kursregion og høgskulane har også høg kvalitet.

St. prp. Nr 1 (2006-07) seier at «...det er skoleeigars ansvar og oppgåve å sørge for at den den einskilde skolen og læreverksemda vurderer kva for kompetansetiltak dei bør prioritere for å kunne gjennomføre reforma i den einskilde verksemda».

Kommunestyret sa i sak 6/2010 at «for å betra resultatene i basisfaga skal ein prioritera vidareutdanning i norsk, matematikk og engelsk for heile grunnskulen».

## **Konklusjon**

Dersom kommunen i framtida skal få tildelt statlege kompetansemidlar, må kommunestyret kvart år vedta ein handlingsplan. Den vedlagde handlingsplanen byggjer på ønske om vidare- og etterutdanning som den einskilde rektor har henta inn frå sine tilsette. Samstundes er det lagt vekt på kva fag rektorane meiner at skulane treng auke kompetanse i og skuleeigar sine prioriteringar.

Rådmannen tilrår at kommunestyret godkjenner kompetanseutviklingsplanen for 2015-2016 slik han ligg føre.

Ordførar Karstein Totland gjekk kort gjennom saka.

Saka vart drøfta.

**Røysting:**

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

**FS - 039/2015 VEDTAK:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Kommunestyret godkjenner kompetanseutviklingsplanen for skuleåret 2015-16 slik han ligg føre.**

-----